

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 13/6113-23

Forvaltningsrevisjon – Samhandling - rapport

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomføring av forvaltningsrevisjon «Samhandling og prosjektstyring» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å følgje opp tilrådingane i rapporten, kapittel 6.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å melde tilbake til kontrollutvalet status for oppfølging av tilrådingane og plan for eventuelt vidare arbeid innan utgangen av 2015.

Vedlegg:

- Rapport motteken 11. mars 2015 etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Samhandling og prosjektstyring»

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Deloitte har gjennomført forvaltningsrevisjon av samhandling og prosjektstyring i fylkeskommunen på oppdrag frå kontrollutvalet. Fylkeskommunen får mange gode tilbakemeldingar i rapporten når det gjeld samhandling. Revisor konkluderer med at samhandlinga mellom avdelingar i fylkeskommunen i hovudsak medverkar til tverrfagleg og effektiv oppgåveløysing.

Revisor har gjort ein del funn som er vurdert opp mot revisjonskriteria når det gjeld samhandling ved prosjektarbeid, og har i rapporten etter den gjennomførte forvaltningsrevisjon konkludert med tilråding om å vurdere overordna retningslinjer for prosjektstyring.

Fylkesrådmannen har i sin høyringsuttale kommentert revisor sine vurderingar og tilrådinga i rapporten.

Kontrollsjefen har vurdert rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen og har kome med tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådinga i rapporten bør følgjast opp av fylkesrådmannen.

2. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vedtok 24. september 2013 i KU-sak 39/13 å bestille dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Prosjektplanen vart først handsama i KU-sak 47/13 der saka vart utsett. Kontrollutvalet ynskte ein ny gjennomgang av problemstillingane. Prosjektplanen vart vedteken 30. januar 2014 i KU-sak 2/14.

Dette prosjektet var tredje prosjektet i plan for forvaltningsrevisjon som fylkestinget vedtok 16. oktober 2012 i FT-sak 49/12.

3. Vurderingar og konsekvensar

Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet er å undersøkje om samhandlinga mellom avdelingar i fylkeskommunen er organisert på ein føremålstenleg måte og om den medverkar til tverrfagleg og effektiv oppgåveløysing.

Følgjande hovudproblemstillingar vart utarbeidde på bakgrunn av føremålet:

- 1) Korleis **samhandlar** avdelingane i fylkeskommunen?
 - a. Kva arenaer for samhandling finst?
 - b. I kva grad opplever fylkeskommunen at samhandling på dei ulike arenaene har gjeve forventa effektar?
 - c. I kva grad opplever fylkeskommunen at dei i tilstrekkeleg grad får henta ut synergjar/meirverdi av kompetansen på tvers av avdelingane?
 - d. I kva grad får den enkelte avdeling i fylkeskommunen naudsynt informasjon om dei andre avdelingane?
- 2) Korleis blir **prosjektstyring** i fylkeskommunen praktisert i prosjekt der personell frå ulike avdelingar samhandlar?
 - a. Kva overordna system har fylkeskommunen for planlegging, gjennomføring og avslutning av prosjekt?
 - b. Er det etablert tilstrekkeleg rutinar og prosedyrar for:
 - i. Prosjektorganisering, forankring og avklaring av roller og ansvar
 - ii. Risikovurdering av prosjekt
 - iii. Rapportering (inkl. budsjett, framdrift og endringar)
 - iv. Økonomi- og ressursstyring i prosjekt
 - v. Kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring
 - c. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/deling frå gjennomførte prosjekt?
 - i. Kva rutinar har fylkeskommunen rutinar for evalueringa og erfaringsoverføring
 - ii. I kva grad blir desse rutinane nytta?
 - d. Er utvalde prosjekt gjennomført i samsvar med interne retningslinjer og prinsipp for god prosjektstyring?

Undersøkinga er avgrensa til å gjelde samhandling internt administrasjonen i fylkeskommunen. Sjølv om det i enkelte av prosjekta som er gjennomgått er fellesprosjekt med eksterne aktørar, som kommunar vegvesen etc. er det samhandlinga mellom einingar i fylkeskommunen som har vore tema for undersøkinga.

Metode

Det er nytta dokumentanalyse og intervju i undersøkinga. Av dokument som er gjennomgått kan nemnast politisk og administrativt delegeringsreglement, stillingsomtalar for leiande stillingar og omtale av organisasjonsstrukturen i sentraladministrasjonen. Det er i tillegg vore gjennomgått omtale av styringssystemet som fylkeskommunen nyttar.

Revisor har i tillegg gjennomgått tre prosjekt for å undersøke fylkeskommunen sin praksis innan prosjektstyring. Dei tre prosjekta vart valt av kontrollutvalet i møte 7. mai 2014 i KU-sak 17/14. Kontrollutvalet mottok innspel frå fylkesrådmannen etter valet av dei tre prosjekta. Valet av prosjekta vart stadfesta av kontrollutvalet 17. juni 2014 i KU-sak 31/14.

Intervjua er verifisert av intervjuobjekta og utkast av rapporten sin datadel er verifisert av fylkesrådmannen. Eventuelle faktafeil som vart påpeikt er tekne omsyn til.

Fylkesrådmannen har i tillegg hatt den endelege rapporten til uttale og har kome med ein høyringsuttale, som er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal vurderast opp mot. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå kommunelova og standard for god prosjektstyring. Revisjonskriteria er å finne i kapittel 3 i rapporten.

Revisor sine vurderingar og tilrådingar

Revisor har gjort sine vurderingar på bakgrunn av dei funn som er gjort greie for i datadelen av rapporten, som er å finne i kapittel 4.

Fylkeskommunen får mange gode tilbakemeldingar i rapporten når det gjeld samhandling. Revisor konkluderer med at samhandlinga mellom avdelingar i fylkeskommunen i hovudsak medverkar til tverrfagleg og effektiv oppgåveløysing.

Når det gjeld prosjektstyring vurderer revisor at det vil vere føremålstenleg med eit sett av overordna retningslinjer for korleis prosjekt skal organiserast, planleggast, gjennomførast og avsluttast. Desse forbetringpunkta har revisor nedfelt i ei tilråding om at fylkeskommunen vurderer utarbeiding av overordna retningslinjer for prosjektstyring. Tilrådinga frå revisor står i kapittel 6.

Revisor har svart på dei problemstillingane som er stilt i prosjektet.

Fylkesrådmannen sine kommentarar i høyringsuttalen

Fylkesrådmannen har drøfta rapporten i leiargruppa, og kome med ein uttale der enkelte vurderingar revisor har gjort i kapittel 5 vert kommentert. I tillegg kommenterer fylkesrådmannen tilrådinga, og skriv at ein vil vurdere tilrådinga i den grad punktet vert vedteke.

4. Konklusjon

Deloitte gjev fylkeskommunen gode tilbakemeldingar på samhandlinga i fylkeskommunen.

Det vert tilrådd å vurdere å utarbeide overordna retningslinjer for prosjektstyring.

Kontrollsjefen har gjort si vurdering av rapporten og høyringa frå fylkesrådmannen og har kome med ei tilråding til kontrollutvalet om at rapporten vert teken til etterretning og at tilrådinga i rapporten bør følgjast opp av fylkesrådmannen.